



## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Peraløo i Vik  
**Dato:** 7. desember 2017  
**Tid:** Kl. 18.00  
**Møtenr.:** 7/2017

### Faste medlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Helga Olsen Aadland	Leiar
Gunnvald Aarbø	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest

Bodil Nesse, Sigrid Marie Fangel,  
Terje Havro og Sigurd Andre` Maraas  
hadde meldt forfall. Det var ikkje råd å  
få tak i varamedlemer som kunne  
stilla.

### **Sakliste:**

<b>Saksnr.</b>	<b>Tittel</b>	<b>Sak for kommunal representant</b>
S-30/17	Høyringssvar, ny lov om trussamfunn	<b>X</b>
S-31/17	Val av leiar, nestleiar og sekretær	<b>X</b>
S-32/17	Referat frå sist møte	<b>X</b>
S-33/17	Meldingssaker	<b>X</b>
S-34/17	Open post	<b>X</b>
S-35/17	Arrangement i kyrkja sin regi	



**S-Sak 30/17: Høyringsvar, ny lov om trussamfunn**

**Framlegg til vedtak:**

På grunnlag av det som kom fram i møtet, får Fitjar sokneråd sitt arbeidsutval fullmakt til å senda inn svar på høyringa om ny lov om trussamfunn.

**Behandling i soknerådet 07.12.2017:**

**Vedtak (samrøystes):**

På grunnlag av det som kom fram i møtet, får Fitjar sokneråd sitt arbeidsutval fullmakt til å senda inn svar på høyringa om ny lov om trussamfunn. Soknerådsmedlemene kan komma med innspel til AU fram til 23.12.2017

**S-Sak 31/17: Val av leiar, nestleiar og sekretær**

**Medlemene samla seg om slikt framlegg til vedtak:**

Soknerådet vel desse til ulike verv i rådet for 2018:

Leiar: Sigrid Marie Fangel

Nestleiar: Gunvald Aarbø

Sekretær: Bodil Nesse

Honorar for verva vert å komma tilbake til når detaljbudsjettet for 2018 skal setjast opp over nyttår.

**Behandling i soknerådet 07.12.2017:**

**Vedtak (samrøystes): Som framlegg**

**S-Sak 32/17: Referat frå sist møte**

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 19. oktober 2017.

**Behandling i sokneråd 07.12.2017:**

**Vedtak (samrøystes): Som framlegg**



**Sak 33/17: Meldingssaker**

**Behandling i sokneråd 07.12.2017:**

I møtet vart det orientert om desse sakene:

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjett for Fitjar kommune 2018
2. Rekneskap pr. 31.10.2017
3. Møtegodtgjerdsla for 2017
4. Status for kyrkjestaben etter nyttår

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

**Vedtak (samrøystes): Som framlegg**

**S-Sak 34/17: Open post**

1. Sindre Aarbø orienterte om at han kjem til å gå på Bibelskulen på Bildøy frå hausten 2018. Det må difor påreknast at han melder forfall til dei fleste soknerådsmøta. Han kan heller ikkje halda fram som frivillig kyrkjetenar.
2. Det kjem rett som det er spørsmål om å leiga kyrkja til konsertar av ulike slag. Soknerådet sitt arbeidsutval, saman med kantoren, får fullmakt til å avgjera spørsmål om slik utleige.

**S-Sak 35/17: Arrangement i kyrkja sin regi**

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Behandling i sokneråd 07.12.2017:**

**Vedtak (samrøystes):**

Det må setjast ned ein komite for kyrkjelydsturen til Helgatun. Olav Oma får i oppdrag å spørja fire personar om å vera med i komiteen.

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....